



## Saksframlegg

### Kommunereform - endeleg vedtak

Saksnr. utval	Utval	Møtedato
054/16	Formannskapet	13.06.2016
049/16	Kommunestyret	23.06.2016

Utsendte saksdokument:

Dok.dato	Tittel	Dok.ID
18.03.2016	Kommunereform - ståstad og vidare prosess	125415
05.02.2016	Kommunereform - retningsval for Norddal kommune	123032

#### Rådmannen si innstilling:

Norddal kommune held fram som sjølvstendig kommune med same kommunegrenser som i dag.

#### Kommunestyret 23.06.2016

Per Magnus Berdal, Sp, kom med framlegg om eit pkt. 2:

Etter ein grundig prosess og etter ei rådgivande folkerøysting, står dette igjen som det einaste alternativet. For alle andre alternativ som har vore vurderte, veg ulempene tyngre enn fordelane målt oppimot intensjonane med kommunereforma, jfr. k.sak 3/16 og k.sak 11/16 . Det finst difor p.t. ikkje saklege argument for å lansere andre strukturmodellar for Norddal.

#### Det vart først røysta over innstillinga:

Samrøystes i samsvar med innstillinga.

#### Det vart røysta over pkt. 2:

Samrøystes i samsvar med framlegget.

#### KS-049/16 Vedtak:

1.

Norddal kommune held fram som sjølvstendig kommune med same kommunegrenser som i dag.

2.

Etter ein grundig prosess og etter ei rådgivande folkerøysting, står dette igjen som det einaste

alternativet. For alle andre alternativ som har vore vurderte, veg ulempene tyngre enn fordelane målt oppimot intensjonane med kommunereforma, jfr. k.sak 3/16 og k.sak 11/16 . Det finst difor p.t. ikkje saklege argument for å lansere andre strukturmodellar for Norddal.

### **Formannskapet 13.06.2016**

Samrøystes i samsvar med innstillinga.

#### **FS-054/16 Vedtak: Innstilling til kommunestyret:**


Norddal kommune held fram som sjølvstendig kommune med same kommunegrenser som i dag.

#### **Saksgrunnlag:**

Storting og Regjering har vedtatt at det skal gjennomførast ein kommunereform der hovudmålsettingane er å sikre gode og likeverdige tenester, sikre heilskapleg og samordna samfunnsutvikling, berekraftige og økonomisk robuste kommunar og å styrke lokaldemokratiet. I vedlagt K-sak 003/16 «*Kommunereform – retningsval for Norddal kommune*» er det ein grundigare omtale om bakgrunn, analyse og vurderingar av dei ulike vala som er gjort.

I denne saka skal Norddal kommunestyre ta endeleg stilling til vedtak for framtidig kommunestruktur. Fylkesmannen skal seinare gi si samla tilråding til Kommunal og Regionaldepartement før handsaming i Stortinget våren 2017. Vedtak om nye kommunegrenser vert gjort gjeldane frå og med 2020.

Tor Helge Stavdal  
rådmann



## Saksframlegg

### Kommunereform - retningsval for Norddal kommune

Saknr. utval	Utval	Møtedato
003/16	Kommunestyret	04.02.2016

Utsendte saksdokument:

Dok.dato	Tittel	Dok.ID
28.01.2016	Landkommune - nøkkeltal	123442
28.01.2016	Norddal -Stranda - nøkkeltal	123446

#### Rådmannen si innstilling:

Norddal kommune vil starte forhandlingar med Ny Landkommune (Stordal, Ørskog, Skodje og Vestnes) med føremål å kome til semje om framlegg til ein intensjonsavtale for etablering av ei ny og større kommune.

Dersom forhandlingane med alle dei 5 kommunane ikkje fører fram har forhandlingsutvalet mandat til å forhandle vidare med attverande kommunar dersom det vurdert som hensiktsmessig.

Norddal kommune vil gå i dialog med Stranda kommune for å identifisere sentrale utfordringspunkt før oppstart av eventuelle forhandlingar om ein intensjonsavtale for etablering av ei ny og større kommune.

Tidlegare oppnemnt forhandlingsutval sitt mandat er å forhandle fram ein intensjonsavtale. Framlegg til intensjonsavtale skal skissere løysingar på hovudutfordringane og korleis ein ny kommune skal vere.

Norddal kommune held fram som eiga kommune dersom forhandlingane ikkje fører fram.

Innbyggjarane skal høyrast på ein teneleg måte før endeleg vedtak i juni 2016.

#### Kommunestyret 04.02.2016

##### Det vart røysta avsnitt for avsnitt:

1. avsnitt: Samrøystes i samsvar med innstillinga.
2. avsnitt: Samrøystes i samsvar med innstillinga.
3. avsnitt: 15 røysta for innstillinga  
2 røysta mot

- 4. avsnitt: Samrøystes i samsvar med innstillinga.
- 5. avsnitt: Samrøystes i samsvar med innstillinga.
- 6. avsnitt: Samrøystes i samsvar med innstillinga.

#### **KS-003/16 Vedtak:**

Norddal kommune vil starte forhandlingar med Ny Landkommune (Stordal, Ørskog, Skodje og Vestnes) med føremål å kome til semje om framlegg til ein intensjonsavtale for etablering av ei ny og større kommune.

Dersom forhandlingane med alle dei 5 kommunane ikkje fører fram har forhandlingsutvalet mandat til å forhandle vidare med attverande kommunar dersom det vurdert som hensiktsmessig.

Norddal kommune vil gå i dialog med Stranda kommune for å identifisere sentrale utfordringspunkt før oppstart av eventuelle forhandlingar om ein intensjonsavtale for etablering av ei ny og større kommune.

Tidlegare oppnemnt forhandlingsutval sitt mandat er å forhandle fram ein intensjonsavtale. Framlegg til intensjonsavtale skal skissere løysingar på hovudutfordringane og korleis ein ny kommune skal vere.

Norddal kommune held fram som eiga kommune dersom forhandlingane ikkje fører fram.

Innbyggerane skal høyrast på ein teneleg måte før endeleg vedtak i juni 2016.

#### **Saksgrunnlag:**

Stortinget har vedtatt at det skal gjennomførast ei kommunereform med følgande overordna mål:

##### **1. Gode og likeverdige tenester til innbyggerane.**

*«Større kommuner med betre kapasitet og kompetanse vil legge til rette for gode og likeverdige tjenseter over hele landet. Større fagmiljø vil gi meir stabile arbeidsmiljø, bredde i kompetansen og en bredere tiltaksportefølje, særlig i små og spesialiserte tjenester.»*

##### **2. Heilskapleg og samordna samfunnsutvikling.**

*«Kommunesektoren skal bli bedre i stand til å løse nasjonale utfordringer. Reformen skal betre foutsetningene for en styrket og samordnet lokal og regional*

*utvikling i alle deler av landet både når det gjelder arealbruk, samfunnssikkerhet- og beredskap, transport, næring, miljø og klima, og også den sosiale utviklingen i kommunen. Det er ønskelig at kommunegrensene i større grad tilpasses naturlige bo- og arbeidsmarkedsregioner.»*

### **3. Bærekraftig og økonomisk robuste kommunar.**

*«Større kommuner vil ha større ressursgrunnlag og kan også ha en mer variert befolknings- og nærings sammensetning. Det gjør kommunene mer robuste overfor uforutsette hendelser og utviklingstrekk. Bærekraftige og økonomisk robuste kommuner vil legge til rette for en mer effektiv ressursbruk innenfor begrensede økonomiske rammer».*

### **4. Styrka lokaldemokrati.**

*«Større og mer robuste kommuner kan få flere oppgaver. Dette vil gi økt makt og myndighet til kommunene, og dermed økt lokal selvstyre. Større kommuner vil også redusere behovet for interkommunale løsninger. Færre og større kommuner som gjennomfører en velferdspolitik i henhold til nasjonale mål, vil redusere behovet statlig detaljstyring. Kommunene vil slik få større frihet til å prioritere og tilpasse velferdstilbudet til innbyggernes behov».*

Arbeidet med kommunereforma er delt i tre faser:

**Fase 1:** Hausten 2014. Oppstartsfase med vedtak om lokal framdriftsplan.

**Fase 2:** 2015. Utgreiingsfase. Norddal kommune har deltatt i ulike utgreiingar. Regionkommune Sunnmøre, Indre Storfjord, eiga kommune som i dag, Ny Landkommune i tillegg til samtalar med Stryn og Hornindal. Kommunestyret har tidlegare gjort vedtak å halde fram med Ny Landkommune, som eiga kommune og samhandling med dei næraste nabokommunane.

**Fase 3:** Hausten 2015 og våren 2016. Avgjerdsfase med sonderingar, forhandlingar om intensjonsavtalar og høyring av innbygarane før endeleg vedtak i juni 2016.

Denne saka omhandlar fase 3 og kommunestyret skal ta stilling til:

- Skal Norddal kommune starte forhandlingar for å få ein intensjonsavtale for å bygge ei ny og større kommune?
- Kva kommunar skal Norddal eventuelt forhandle med.
- På kva måte skal innbygarane høyrast?

Reforma skal bygge på lokale kommunestyrevedtak, deretter skal Fylkesmannen gi si samla tilråding om framtidig kommunestruktur i Møre og Romsdal til Kommunal og

Regionaldepartementet. Det er Stortinget som gjer endeleg vedtak våren 2017. Ny kommunestruktur vert gjort gjeldande frå og med 2020.

Omfanget og kompleksiteten av kommunale oppgåver har auka mykje i samband med oppbygginga av velferdsstaten etter 2. verdskrig. Spesialisering og digitalisering har auka kompleksiteten ytterlegare dei siste tiåra. Dette er noko av grunnane for at regjeringa sitt ekspertutval i desember 2013 peika på at kommunen burde ha 15.000 – 20.000 innbyggjarar for å vere store nok til å handtere dagens oppgåver og ansvar på ein fullgod måte.

Kommuneproposisjonen for 2015 inneheldt ein eigen meldingsdel om komunereforma. Her er både framdriftsplan og økonomiske verkemiddel omtala. Eit viktig føringa er at kommunane også i framtida skal vere generalistkommunar, det vil seie at alle kommunane skal løyse sine lovpålagde oppgåver sjølve og kommunestrukturen skal legge til rette for ei heilskapleg og oversiktelege forvaltning.

### **Saksopplysningar:**

Alle kommunen er pålagt å gjennomføre lokale prosessar med tilhøyrande utgreiingar. Det skal i tillegg vurderast korleis innbyggjarane skal høyrast. Arbeidet med reforma vert i hovudsak gjennomført av kommunane i samarbeid med regionråda og Fylkesmannen som har utarbeidd ein eigen framdriftsplan med tidfristar. Utgreiingar skal vere gjennomført innan 31. desember 2015, retningsval (1-3 alternativ) skal vere gjort innan 1. februar, forhandlingar om intensjonsavtaler innan 20. mars, politisk handsaming av intensjonsavtarar innan 15. april, folkeavrøysting/innbyggjarhøyring innan 8. mai og kommunen sitt endelege vedtak innan 1. juli 2016. I praksis betyr dette at det mykje og viktig arbeid som er forventa gjennomført og avslutta innan forholdsvis kort tid.

Kommunestyret har i sak xxx/15 vedtatt å oppnemne eit forhandlingsutval som har som mandat å føre forhandlingar med andre kommunar. Dette utvalet er samansett av ordførar Arne Sandnes (leiar), varaordførar Per Magnus Berdal (nestleiar), formannskapsmedlem Viktor Valdal og rådmann Tor Helge Stavdal.

Forhandlingsutvalet har arbeidd ut i frå kommunestyret sitt vedtak i sak 92/15 av 25.11.15:

2. Det vert arbeidd vidare med følgjande alternativ (ikkje prioritert rekkjefølgje):

- a. Norddal kommune held fram som eiga kommune.
- b. Ny Landkommune.
- c. Samhandling med dei næraste nabokommunane.

Saka har vore drøfta med dei hovudtillitsvalde i møte 20.01.16. Dei viktigaste som kom fram der var omsynet til å sikre arbeidsplassar lokalt, sikre attraktive fagmiljø og gode samarbeidsrelasjonar med andre kommunar og fagmiljø.

I arbeidet med kommunereform er det mange omsyn å ta. Saka si omfang og kompleksitet vert også påverka av forhold utanfor Norddal kommune som ein ikkje rår over og som er utfordrande å halde seg orientert om. Dette gjeld mellom anna kva andre kommunar tenkjer i høve til ulke prosessar som skjer parallelt. I tillegg har ei privat gruppering i Eidsdal og Norddal starta eit arbeid for å sjå om det er gevinstar med at dei to bygdene vert ein del av Stranda kommune. Det er utarbeidd ein omfattande rapport på om lag 80 sider som inneheld både faktaopplysningar og vurderingar av dei ulike hovudområda med reformen. Det er i tillegg arrangert folkemøter, gjennomført spørjeundersøking mm. I folkemøte 13. januar vart rapporten presentert. På møtet deltok politisk og administrativ leiing frå både Norddal og Stranda. Etter folkemøtet er det gjennomført ei avrøysting der eit klart fleirtal av dei som har avgitt stemme røyster for at dei to bygdene vert ein del av Stranda, alternativt at Norddal og

Stranda slår seg saman.

Rapporten som er skriven og utarbeidd av arbeidsgruppa konkludera med at dei to bygdene totalt sett er best tent med å høyre til Stranda kommune. Denne konklusjonen synes ikkje å vere godt fagleg forankra jf. opplysningane den er bygd på (s. 7). Dette gjeld mellom anna ressursbruk innan kommunale tenester som er høgare i Norddal enn i Stranda, avstand til kommunesenter vert større, avstand til kommunale basistjenester kan bli større, kommuneøkonomien samla vert ikkje betre og det vert peika på at det er fare for splid og usemje mellom bygdene. Det kan sjå ut til at rapporten er sterk prega av ein politisk strid som har bakgrunn i eldre stridssaker, meir enn at den er sakleg og fagleg forankra i høve til dei overordna og framtidsretta måla for kommunereforma. Det er også ei utfordringa at rapporten berre omhandlar delar av Norddal kommunen utan å vurdere heilskapen, og konklusjonen i rapporten soleis er basert ei vurdering av kva som er best for eit mindretal. Ei vidare vurdering av om bygdene Norddal og Eidsdal skal leggest til Stranda kommune er difor ikkje tatt med i denne saka.

Norddal kommune har også deltatt i fleire utgreiingar. Det er mellom anna Regionkommune Sunnmøre med Ålesund og 10 andre kommunar, indre Storfjord med Sykkylven, Stordal og Stranda, samtalar med Hornindal og Stryn og med Ny landkommune som har hatt ulik deltaking der Haram og Sandøy trekte seg ut, men som no truleg på nytt vil melde eit ønskje om å delta i prosjektet.

### **Saksvurdering og konklusjon:**

I vurderinga av kva som er det beste valet for Norddal kommune på kort og lang sikt er det i denne saka tatt utgangspunkt i dei 4 hovudmåla for reforma der ein har vurdert fordelar og ulemper med dei ulike aktuelle alternativa.

### **Gode og likeverdige tenester til innbyggerane.**

I vurderinga av om innbyggerane får gode og likeverdige tenester, og om kommunen har stor nok kapasitet må det sjåast i samanheng med utviklinga av oppgåvene som norske kommunar har. Oppgåvemengda har auka monaleg og manglande kompetanse og kapasitet i generalist kommunane har i mange tilfellet blitt kompensert gjennom interkommunalt samarbeid (IKS). Dette samarbeidet er løyst på ulikt vis, etter ulike lovheimlar og med ulik grad av politisk styring. I vurderinga av kva grad ein er sårbar må det vurderast uti frå to omsyn. Det omhandla om i kva grad ein kan tilby spesialiserte tenester innbyggerane har krav på, og i kva grad ein økonomisk robust nok til å møte endringar i innbyggerane sine behov.

### **Vurdering – krav om likeverdige tenester**

	<b>Fordelar</b>	<b>Ulemper</b>
Norddal aleine	-Lokalkunnskap. -Oversikt -Smådriftsfordelar -Val av interkommunale samarbeid som sikrar politisk styring.	-Avhengig av IKS innan mange områder. -Utfordringar med rekruttering. -Sikre kompetanse/fagmiljø -Sårbar ved fråvær
Norddal og Stranda	- Færre utfordringar knytt til habilitet. -Gir noko større fagmiljø	-Framleis avhengig av IKS innan fleire områder. -Nye IKS må etablerast -Større svstandar/sentralisering -Fjorden, fysisk hinder
Landkommune -Norddal	- Mindre avhengig av interkommunalt samarbeid	- Lange avstandar. -Sentralisering av funksjonar.

-Stordal -Ørskog -Skodje -Vestnes	- Kan bygge større fagmiljø - Færre utfordringar knytt til habilitet. - Mindre sårbar ved fråvær. - Har etablerte IKS	-Vestnes og Storddal deltek ikkje i E-kommune Sunnmøre - Vestnes er ikkje ein del av samarbeida på Sunnmøre. - Fortsatt avhengig av IKS innan nokre områder.
--	--	--

### **Heilskapleg og samordna samfunnsutvikling**

Eit av argumenta for kommunereform er at det ikkje lenger er samsvar mellom kommunegrensar og den «kvardagsregionen» som innbyggjarane er ein del av. Bo- og arbeidsmarknaden har endra seg mykje. Kommunegrensene vert stadig kryssa i samband med pendling til arbeid og vidaregåande skule, for bruk av offentlege og private tenester, kulturelle aktivitetar mm. Dersom kommunegrensene i framtida i større grad samsvarar med bu og arbeidsmarknadsregionane vil dette også sikre innbyggjarene får høve til demokratisk påverknad i det området dei oppheld seg i kvardagen.

	<b>Fordelar</b>	<b>Ulemper</b>
Norddal aleine	-Ordførar og politisk miljø har nær kontakt med næringsliv. -Naturgitte fordelar knytt til klima, landbruk og reiseliv. -Friluftsliv og folkehelse. -Rehabilitering.	- Folketal under 1700. - Prosentvis stor nedgang i folketal. - Endra alderssamansetning, auka alder i gjennomsnitt. - Sårbare fagmiljø pga. størrelse. - Liten kapasitet til samfunnsplanlegging. - Lite variert næringsliv. - Samhandling internt i kommunen.
Norddal og Stranda	-Bygder er geografiske «vevd inn» i kvarandre -Effektiv arealbruk -Synergjar innan landbruk, reiseliv og næringsmiddel. -Samhandling om reiseliv -Pendling mellom kommunane	- samla folketal ca. 6300 - ikkje tydelege gevinstar som bo- og arbeidsmarked. -fjordkryssing er eit hinder
Landkommune -Norddal -Stordal -Ørskog -Skodje -Vestnes	Mulig å sjå samfunns- og arealplanlegging i eit regionalt perspektiv. Attraktiv for busetting og næringsetablering mellom to byar. Gir gode muligheiter for pendling til eit stort arbeidsmarked.	Dei 5 kommunane høyrer til ulike kvardagsregionar. Ikkje same bu og arbeidsmarknadsregion. Ikkje noko naturleg sentrum. Fare for at Norddal vert ein utkant.

### **Berekraftige og økonomisk robuste kommunar**

Eit av argumenta for kommunereform er å sikre at kommunane er økonomisk robuste og på den måten kan sikre forutsigbare kommunale tenester. Samstundes er det forslått endringar i inntektssystem for kommunane. Men konsekvensane av eventuelle endringar vert ikkje kjent før etter ein må ta stilling til spørsmål om kommunereform. Regjeringa har likevel vore tydeleg på at ein ønskjer ei endring som støttar opp om hovudmålsettinga med kommunereforma, det vil seie færre og større kommunar.

I høyringsnotat står det mellom anna: «*Departementet tar sikte på å innføre en modell der det skilles mellom frivillige og ufrivillige smådriftsulemper i kommunal tenesteproduksjon, og der kun ufrivillig smådriftsulemper kompenseres fullt ut*».



Ut i frå tilgjengeleg informasjon om dei foreslåtte endringane i inntektssystemet ser det ut til at Norddal, Stranda og Stordal vil få relativt små endringar i sine overføringar, medan td. Ørskog og Skodje vil få store reduksjonar.

Som eit stimulerings tiltak for arbeidet med kommunereforma er det vedtatt å yte økonomisk hjelp til kommunar som slår seg saman. Dette er fastsatt gjennom ein standardisert modell som dekkjer eingongskonstanadar. F.eks vil to kommunar under 20.000 innbyggjarar få 20 millionar, medan 5 kommunar under 20.000 innbyggjarar får 50 millionar. I tillegg vert det ytt reformstøtte på 5 millionar når to kommunar under 15.000 innbyggjarar slår seg saman og 20 millionar til 5 kommunar under 20.000 innbyggjarar. I tillegg får den nye samanslåtte kommunen behalde dagens inndelingstilskott som om den var to (eller fleire) kommunar i 15 år etter samanslåing. Det vil seie at ein legg overføringane i 2016 til grunn. Deretter vert det ei nedtrapping over 5 år.

	<b>Fordelar</b>	<b>Ulemper</b>
Norddal aleine	<ul style="list-style-type: none"> <li>-Relativt gode inntekter.</li> <li>-Økonomisk sjølvråderett.</li> <li>-God standart på kommunal infrastruktur.</li> <li>-Smådriftsfordeler.</li> <li>-Blir ikkje «straffa» med nytt inntekssystem.</li> <li>-Eigendelar (td. i Tafjord Kraft)</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>-Ikkje balanse mellom inntekter og utgifter.</li> <li>-Driftsfond brukt opp.</li> <li>-Får ikkje stimuleringsmidlar reform</li> <li>-Store forpliktar innan pensjon.</li> <li>-Har ikkje driftsfond – sårbar.</li> <li>-Behov for strukturendringar.</li> </ul>
Norddal og Stranda	<ul style="list-style-type: none"> <li>-Gir 20 mill for dekking av eingongskonstnader.</li> <li>-Reformstøtte på 5 millionar.</li> <li>-Inndelingstilskudd blir sikra i 15 år</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>-Stranda er Robek kommune til 2022</li> <li>-Både Norddal og Stranda har høg gjeld.</li> <li>-Både Norddal og Stranda er desentralisert og «dyr i drift».</li> <li>-Ingen har driftsfond.</li> </ul>
Landkommune -Norddal -Stordal -Ørskog -Skodje -Vestnes	<ul style="list-style-type: none"> <li>-Effektivisering / reduserte administrasjonsutgifter.</li> <li>-Høg reformstøtte.</li> <li>-Sikrar noverande overføringar i 15 år.</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>-Alle 5 har krevjande driftsøkonomi.</li> <li>-Fleire har høg lånegjeld.</li> <li>-Fleire har store forpliktar innan pensjon.</li> <li>-Ulik arbeidsgjevaravgift og eigedomsskatt.</li> </ul>

Det er krevjande å analysere dei ulike kommunane sine økonomiske berekraft og tenesteyting. Dette skuldast mellom anna at kommunane er i ulike KOSTRA-grupper, har ulike særtrekk når det gjeld overføring, inntekter, tenestenivå, struktur mm. Det er også store skilnader i høve til lånegjeld, forpliktingar knytt pensjon, driftsresultat (balanse i drifta) mm.

### **Styrka lokaldemokrati**

Regjeringa legg vekt på at større kommunar kan få fleire oppgåver. Dette vil gi økt makt og myndighet til kommunane, og dermed økt lokalt sjølvstyre. Samstundes er det grunn til å tru at dersom det vert færre og større kommunar vil det få konsekvensar for korleis lokaldemokrati vert. Det gjeld mellom anna talet på folkevalte samla, arbeidsform i høve til profesjonalisering av lokalpolitikarane, samspelet mellom politikk og administrasjon og i høve til å påverknad mot sentrale styremakter.

	<b>Fordelar</b>	<b>Ulemper</b>
Norddal aleine	<ul style="list-style-type: none"> <li>-Nærleik til veljarane</li> <li>-Oversikt gir effektive løysingar</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>-For tette band mellom dei som styrer og blir styrt</li> </ul>

	<ul style="list-style-type: none"> <li>-God samhandling politikk og administrasjon</li> <li>-Herre i eige hus</li> <li>-Engasjement for frivillig arbeid</li> <li>-Stort politisk engasjement</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>-Polistisk protestval i 2015</li> <li>-Mange blanke stemmer</li> <li>-Tradisjon for bygdelister</li> <li>-Ubalanse i geografisk representasjon</li> <li>-Få politiske parti representert</li> <li>-For liten kapasitet politisk og administrativt til prosessar med brei deltaking (kommuneplan mm)</li> </ul>
Norrdal og Stranda	<ul style="list-style-type: none"> <li>-Noko større distanse</li> <li>-Noko mindre inhabilitet</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>-Ulike politiske tradisjonar</li> <li>-Kan gi auka grunnlag for bygdelister</li> </ul>
Landkommune -Norrdal -Stordal -Ørskog -Skodje -Vestnes	<ul style="list-style-type: none"> <li>-Større distanse</li> <li>-Minde inhabilitet</li> <li>-Fleire heiltids politikarar som deltek den overordna styringa av kommunen.</li> <li>-Blir ein politisk maktfaktor med regional slagkraft.</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>-Fleire yrkespolitikar</li> <li>-Større avstand til veljarane</li> <li>-Kan få nye bygdelister frå gamle dei gamle kommunane.</li> <li>-Aksjonar i enkeltsaker</li> <li>-Svekka lokaldemokrati, færre politisk engasjert.</li> </ul>

### **Samla vurdering:**

Arbeidet med kommunereform er omfattande og komplekst. Det er mange ulike forhold som skal vurderast sett i lys av både kjende og ukjende faktorar. Samla vurdering vil soleis vere basert på kva delar av reforma ein vektlegg og kva utviklingstrekk framover ein vel å legge vekt på. For Norrdal kommune er det nedgang i folketal og endra alderssamansetning som er dei største utfordringane. Norrdal kommune er som einaste kommune på Sunnmøre som har hatt uendra kommunegrenser som Formannskapslova vart innført i 1837. Dette har truleg samanheng med vår geografiske plasser mellom fjord og fjell.

I innbyggerundersøkinga som vart gjennomført av Sunnmøre regionråd i oktober 2015 oppgir 62% av innbyggerane i Norrdal kommune at dei ser for seg ei samanslåing med ei eller fleire av nabokommunane. Når dei spurde måtte ta stilling til ulike alternativ for samanslåing oppga 75% av dei spurde Stordal som mest aktuelt, medan 47% svarte Stranda. Øvrige alternativ fekk lav oppslutning.

Telemarksforskning som utarbeidde rapporten for Ny landkommune konkluderte med at det ikkje var dei store gevinstane med det alternativet med bakgrunn i at det ikkje utgjer ein naturleg bo og arbeidsmarknadsregion eller har eit naturleg sentrum. Rapporten som er utarbeidd på privat initiativ om at heile eller deler av Norrdal vert lagt til Stranda har også klare manglar når det gjeld å peike på klare fordelar med ei samanslåing. Ein kjem ikkje vekk i frå at fjorden er ei barriere når det gjeld samferdsel og utvikling av felles regionar. Ei løysing som mefører ei ekstra ferje vert ikkje i utgangspunktet oppfatta å vere i samsvar med føringane for kommunereforma. Dersom ein skal gå nærare inn på dette må forhold knytt til landfast samferdsel, samhandling mellom bygdene og pendling trekkast inn. I ei slik vurdering vil det vere naturleg å vurdere om Geiranger og Liabygda meir naturleg ligg til Norrdal og kva sentrumsfunksjonar som skal ligge til Valldal.

Norrdal som eiga kommune vil ha fordelar og ulemper innan økonomi. Særskilte inntekter knytt til kraftproduksjon vert framleis under lokal demokratisk kontroll. Samstundes som ein går glipp av eventuelle stimuleringsstilskot, og vert sikra dagens overføringar i 15 år. Den største utfordringa med å halde fram som eiga kommune er knytt til storleik på fagmiljø, innbyggartal samla, redusert innbyggartal og endra alderssamansetning. Foreløpige tall per 1. januar 2016 syner at det i Norrdal kommune vart født 9 i 2015, alle desse i Valldal krins. I 2015 har 19 dødd og det vore netto utflytting. Dette betyr ein netto folketalsnedgang også i 2015. Kvalitetssikra tal frå SSB er klare i slutten av februar. Det gir reelle utfordringar med

omsyn å sikre kompetente fagmiljø samstundes om krav til kompetanse og behov for tenester er aukande. Skal Norddal halde fram som eiga kommune er ein avhengig av interkommunalt samarbeid på mange områder.

Landkommunen kan truleg gi nokre fordelar innan stordriftsfordeler innan administrasjon, det gir også meir robuste fagmiljø som det truleg vert lettare å rekruttere medarbeidarar til. Samstundes vil ei slik kommune blir langstrakt og vil medføre auka reiseveg og at funksjonar kan bli sentralisert.

Ei samanslåing med Stranda kan gi effektar innan områder knytt til felles arbeidsmarknad då ein del pendlar mellom dei kommunane. Til ein viss grad kan det også gi positiv effekt i høve til å etablere større fagmiljø. Men ei kommune med ca. 6300 innbyggjarar vil framleis ha behov for interkommunalt samarbeid innan mange områder. Dei fleste av dei interkommunale samarbeide Norddal deltek i dag inneber eit samarbeid på nordsida av Storfjorden. Stranda har også heilt særskilte utfordringar innan kommuneøkonomi med høg lånegjeld og er Robek-kommune. Samstundes som også Norddal har utfordring knytt til å få balanse i drifta og høg lånegjeld. Det er også eit faktum at fjorden er ei hindring for tett samkvem. Ei løysing der Norddal og Eidsdal vert ein del av Stranda kommune aleine vert ikkje vurdert som ei hensiktsmessig løysing då det vil medføre to fjordkryssingar og reise gjennom ei anna kommune. Det er då meir naturleg å sjå på om Geiranger og Liabygda bør leggast til Norddal kommune. I innstillinga er det difor lagt opp til at sentrale utfordringspunkt må identifiserast før ein eventuelt startar forhandlingar om ein samanslåing av Norddal og Stranda.

### **Konklusjon:**

I ei samla vurdering må ein vurdere kva gevinstar ein oppnår med dei ulike alternativa.

I februar og mars skal kommunane gjennomføre forhandlingar og etablere intensjonsavtalar. Desse bør vere tydeleg på kva ein vil oppnå med ei samanslåing og avklare dei viktigaste spørsmåla knytt t.d. kvar kommunesenteret skal ligge, korleis kommunale tenester og funksjonar skal organiserast og lokalisast, prinsipp for korleis lokaldemokratiet skal fungere, prosess for handtering av kommunalt tilsette mm. I utarbeiding av intensjonsavtale er det ei utfordring i å finne rett detaljgrad. Den må vere tydeleg nok til at kommunestyret seinare kan stilling til den, men heller so detaljert prosessen seinare vert låst pga. usemje om detaljar.

I arbeidet med komunereforma er det ein føresetnad at innbyggjarane skal høyrast (frist 8.mai). Det kan skje t.d. gjennom rådgjevande folkeavrøysting, folkemøter eller spørjeundersøking. Høyringa skal vere basert på forhandlingane som er gjort og gi innbyggjarane konkret informasjon ein kan ta stilling til.

I denne omgang skal det takst stilling kva retning Norddal kommune skal gå. Det vil seie med eventuelt kven ein vil starte forhandlingar om ein intensjonsavtale med (frist 20. mars). Ein intensjonsavtale vil skissere korleis ein eventuell ny kommune skal sjå ut, kva hovudprinsipp skal leggast til grunn mm. Dersom ein vert eining om ein intensjonsavtale vert neste steg å starte konkrete forhandlingar (frist 1. mai). Forhandlingsutvalet har sitt mandat gitt av kommunestyret.

Det er kommunestyret som gjer vedtak om Norddal kommune sitt endeleg val. Fylkesmannen vil deretter gjere sin samla vurderingar før oversending til departementet. Innstilling til vedtak er difor todelt, ein går i forhandlingar om intensjonsavtalar med Stranda og med Ny landkommune. Resultatet av forhandlingane vert deretter samanlikna med å halde fram som eiga kommune som i dag. Basert på denne vurderinga og innspel gjennom høyring av

innbyggerane vil kommunestyret treffe sitt endelege vedtak i juni.

Tor Helge Stavdal  
rådmann